

Status for etablering av Sørvest Bomvegselskap AS og kjøp av BT Signaal AS

Om Sørvest Bomvegselskap

Fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder vedtok i juni 2016 å etablere eit regionalt bompengeselskap for dei fem fylka som utgjer bomregion sørvest. Selskapsetableringa er ein del av den statleg initierte bompengereforma. Andre element i reforma er utskiljing av utstedarfunksjonen i bompengeselskapa (det ligg noko fram i tid), ny organisering/ansvarsfordeling i sektoren mellom dei regionale selskapa og Vegdirektoratet, etablering av nytt takst og rabattsystem og innføring av incentivordningar/statlege bidrag for selskapa og bilistane. Målet med reforma er å gjere bompengesystemet meir brukarvenleg og å profesjonalisere og effektivisera innkrevjinga og finansforvaltninga av bompengar.

Sørvest Bomvegselskap AS vart registrert i Brønnøysundregisteret 7.11.2016. Fylkesordførarane stifta selskapet og utgjer selskapet si generalforsamling. Selskapet har Bergen som forretningsadresse. Underteikna er leigd inn i rolla som arbeidande styreleiar og får noko administrativ støtte frå Hordaland fylkeskommune. Selskapet er per dags dato ikkje oppbemanna utover dette.

Nye oppgåver for regionale bompengeselskap

I bompengereforma legg ein opptil at alle bompengeprojekt/ bompengeselskap skal samlast i fem regionale bompengeselskap. Skilnaden på det nye regionale selskapet og dei etablerte selskapa vil då i prinsippet først og fremst vera eit «volumspørsmål». Det har likevel lege i korta at dei nye regionale selskapet kan få nye oppgåver og at ansvarsområda til selskapa kan bli betydeleg endra, noko som inneber at Sørvest Bomvegselskap AS vil bli noko langt meir enn ein «stor versjon» av eit eksisterande bompengeselskap.

Samferdselsdepartementet har i brev frå 16.3.2017 og 17.3.2017 (sjå vedlegg) gjeve dei regionale bompengeselskapa utvida ansvarsområde og fleire operative oppgåver. Nye oppgåver inneber no at dei regionale bompengeselskapa vil overta det samla ansvaret for «vegkantutstyr», for drift av ny nasjonal kjerneløysing og få totalansvaret for respektive lokale delar knytt til ny systemløysing. Dette kjem i tillegg til låneforvaltning og oppgåver knytt til innkreving og utstedarfunksjonen, som bompengeselskapa i sørvest no kjøper i marknaden.

Etableringsstrategi

Stilt overfor utsiktene til å få ansvaret for nye oppgåver, har styret for Sørvest Bomvegselskap AS valt å arbeida med oppkjøp av BT Signaal AS som alternativ til bygga opp eit eige selskap frå grunnen. Vegdirektoratet er gjort kjent med dette arbeidet. Det er spesielt arbeidet med nye systemløysingar og endringar i leverandørmarknaden til bompengeselskapa og dermed behovet for raskt å skaffa tilstrekkeleg

kompetanse for dei nye oppgåvene, som er bakgrunnen for valet av etableringsstrategi. Alternativet med oppbygging av selskap frå grunnen av, ville også medføra store etableringskostnader og medføra auka risiko i forhold til volum og kompleksitet i oppgåvene. Alternativet med oppkjøp av BT Signaal AS er i utgangspunktet initiert av BT Signaal AS, som har tilbode ei slik løysing overfor eigarane av Sørvest Bomvegselskap AS allereie før etableringa av selskapet.

Status for forhandlingane med BT Signaal AS

Enkelte delar av BT Signaal AS blir ikkje kjøpt ettersom BT Signaal AS har noko verksemd som vil ligga utanfor framtidig bompenggeavtale med Vegdirektoratet. Såkalla «Term Sheet» (detaljert intensjonsavtale) er underskrive og endeleg overtaking er planlagt til 30.6.2017. Styret i Sørvest Bomvegselskap AS vil behandla aksjekjøpsavtalen i første halvdel av mai og vil deretter leggja saka fram for generalforsamlinga i selskapet. Sjølve kjøpet av BT Signaal AS vil bli gjort av Sørvest Bomvegselskap AS og finansiert som ein «omstillingskostnad» dekkja av bompengar. Det er likevel ein føresetnad at eigarfylkeskommunane garanterer «sin» del av kjøpet og at garantivedtaka vert godkjente av Kommunaldepartementet. Sørvest Bomvegselskap AS vil i løpet av april utarbeida utkast til garantisak til fylkesrådmannen i dei enkelte fylka.

Vidare arbeid

Under føresetnad om at oppkjøpet av BT Signaal AS går som planlagt, reknar ein med at arbeidet med å innfasa dagens bompengeselskap i Sørvest Bomvegselskap AS kan ta til tidleg på hausten i år. Ein legg opp till at innfasinga skjer etter «prosjektmodellen», dvs. at dei enkelte bompengeselskapa vert avvikla som selskap. Sørvest Bomvegselskap AS vil då kunna handtera både dei nye oppgåvene, vegkantutstyr og systemansvar, som no vert teke hand om av Statens vegvesen og av driftsselskapa (som BT Signaal AS) for operatøren (bompengeselskapet), og oppgåver som i dag vert utført i bompengeselskapa. Etter omorganiseringa vil Sørvest Bomvegselskap AS få ansvaret for om lag 200 mill. årlege passeringar og rundt 3 mrd. kr. i innkrevde bompengar per år. Selskapet ser ut til å bli størst av dei regionale bompengeselskapa i landet målt etter desse kriteria.



Paul M Nilsen
Styreleiar

Vedlegg: Brev frå Samferdseldepartementet frå 16.3.2017 og 17.3.2017

Kopi:

Bompengeselskap i bomregion sørvest
Kluge Advokatfirma